

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 134/2005**

**av 21. oktober 2005**

**om endring av vedlegg XVIII til EØS-avtala (Helse og tryggleik på arbeidsplassen,  
arbeidsrett og lik handsaming av kvinner og menn)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XVIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 43/2005 av 11. mars 2005<sup>(1)</sup>.
- 2) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/37/EØF av 29. april 2004 om vern av arbeidstakarar mot risiko ved å vere utsett for kreftframkallande eller mutagene stoff i arbeidet (sjette særtdirektiv i medhald av artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF)<sup>(2)</sup>, retta ved TEU L 229 av 29.6.2004, s. 23, skal takast inn i avtala.
- 3) Direktiv 2004/37/EF opphevar rådsdirektiv 90/394/EØF<sup>(3)</sup>, som er teke inn i avtala og som difor må opphevast i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg XVIII i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 14 (rådsdirektiv 90/394/EØF) skal nytt nr. 14a lyde:

”14a. **32004 L 0037**: Europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/37/EØF av 29. april 2004 om vern av arbeidstakarar mot risiko ved å vere utsett for kreftframkallande eller mutagene stoff i arbeidet (sjette særtdirektiv i medhald av artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF) (EUT L 158 av 30.4.2005, s. 50), rettet ved EUT L 229 av 29.6.2004, s. 23.”

---

<sup>(1)</sup> TEU L 198 av 28.7.2005, s. 45, og EØS-tillegget til TEU nr. 38 av 28.7.2005, s. 26.

<sup>(2)</sup> TEU L 158 av 30.4.2005, s. 50.

<sup>(3)</sup> TEF L 196 av 26.7.1990, s. 14.

2. Teksta i nr. 14 (rådsdirektiv 90/394/EØF) vert oppheva.

*Artikkel 2*

Teksta til direktiv 2004/37/EF, retta ved TEU L 229 av 29.6.2004, s. 23, på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 22. oktober 2005, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 21. oktober 2005.

For EØS-komiteen

***Prins Nikolaus von Liechtenstein***

Formann

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.